



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Leiar for tenesteområde kultur - 40% fast, intern utlysing

### Stillingsinformasjon

Leiar for tenesteområde kultur inngår i rådmannen si leiargruppe. Kultur har ca 10 årsverk og eit nettobudsjett på 9,5 mill. i 2017. Det vert alltid inngått leiaravtale mellom den enkelte tenesteområdeleiaren og rådmannen.

Kulturadministrasjonen er lokalisert i rådhuset, Frekhaug.

### Arbeidsoppgåver

Tenesteområdeleiaren har eit overordna ansvar for kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, aktivitetar retta mot barn og unge, kulturminnearbeid og ålment kulturarbeid. Stillinga inneber overordna fag-, økonomi- og personalansvar for tenesteområdet. Samarbeid med organisasjonslivet i kommunen er svært viktig.

### Kvalifikasjonskrav

- Relevant høgare utdanning.
- Leiarserfaring.
- God kompetanse og jobbpraksis innan kulturfag.
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner vil bli vektlagd.
- Meland kommune ønskjer ein engasjert og tydeleg leiar for tenesteområde kultur. Den som vert tilsett må kunne jobbe strategisk og strukturerert.

### Vi tilbyr

Ei spennande stilling med ansvar for kulturfeltet i Meland kommune.

Fridom under ansvar til å utforme og utvikle tenesteområdet.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.02.2017

Utllyst dato 17.01.2017

Vårref

628/17

### Kontaktperson

Ingvild Kirsti Hjelmtveit, Rådmann, tlf: 56171031, mobil: 98890718, [ingvild.hjelmtveit@meland.kommune.no](mailto:ingvild.hjelmtveit@meland.kommune.no)